

Til foresatte og elever

Informasjon til foresatte og elever om obligatoriske kartleggingsprøver i regning og lesing for Vg1

Det skal gjennomføres to obligatoriske kartleggingsprøver for alle elever på Vg1 høsten 2010. Du får denne informasjonen fordi du/ditt barn går på Vg1.

Hva er kartleggingsprøver?

Formålet med kartleggingsprøvene er at skolen og lærerne skal få oversikt over hvilke elever som ikke har tilegnet seg nødvendige ferdigheter fra grunnskolen. Informasjon fra prøvene skal gi skolen og læreren et bedre grunnlag for å iverksette tiltak på et tidlig tidspunkt i videregående opplæring og å gi disse elevene ekstra oppfølging.

Det er utarbeidet veiledningsmaterieell til lærerne i tilknytning til prøven som beskriver hvordan resultatene kan følges opp i klasserommet.

Når skal prøven gjennomføres?

Prøvene skal gjennomføres i løpet av uke 35, 36 og 37 (30. august–17. september). Skolen bestemmer selv hvilken ukedag prøven gjennomføres på. Kartleggingsprøven i regning er en elektronisk prøve, mens kartleggingsprøver i lesing er på papir.

Hva slags oppgaver skal elevene løse?

Kartleggingsprøvene i regning og lesing er prøver i regning og lesing som grunnleggende ferdigheter, og oppgavene er laget på bakgrunn av læreplanene for 10. trinn. Det er altså ikke en prøve i fagene matematikk eller norsk, men i regning og lesing som en integrert ferdighet i alle fag.

Hvem får tilgang til resultatene?

Resultatene skal først og fremst brukes av lærerne og skolen til å legge til rette undervisningen for elever som trenger ekstra oppfølging. Skolen skal gi eleven tilbakemelding på prøveresultatet. Dette kan danne utgangspunkt for en samtale mellom lærere og elever i en tidlig fase av videregående opplæring.

Mer informasjon

Mer informasjon om kartleggingsprøvene finnes på Utdanningsdirektoratets nettside www.udir.no/kartleggingsprover. Mer om læreplanverket for Kunnskapsløftet finnes på www.udir.no/grep

Skolen er ansvarlig for å gi detaljert informasjon om avviklingen av kartleggingsprøven på din skole.

Med vennlig hilsen,

Utdanningsdirektoratet

Til føresette og elevar

Informasjon til føresette og elevar om obligatoriske kartleggingsprøver i rekning og lesing for Vg1

Det skal gjennomførast to obligatoriske kartleggingsprøver for alle elevane på Vg1 hausten 2010. Du får denne informasjonen fordi du/ditt barn går på Vg1.

Kva er kartleggingsprøver?

Føremålet med kartleggingsprøvene er at skolen og lærarane skal få oversikt over kva for elevar som ikkje har tileigna seg nødvendige ferdigheiter frå grunnskolen. Informasjon frå prøvene skal gi skolen og læraren eit betre grunnlag for å setje i verk tiltak på eit tidleg tidspunkt i vidaregåande opplæring og å gi desse elevane ekstra oppfølging.

Det er utarbeidd rettleiingsmaterieil til lærarane i tilknytning til prøva som beskriv korleis resultatata kan følgjast opp i klasserommet.

Når skal prøva gjennomførast?

Prøvene skal gjennomførast i løpet av veke 35, 36 og 37 (30. august–17. september). Skolen bestemmer sjølv kva for vekedag prøva skal gjennomførast på. Kartleggingsprøva i rekning er ei elektronisk prøve, mens kartleggingsprøver i lesing er på papir.

Kva slags oppgåver skal elevane løyse?

Kartleggingsprøvene i rekning og lesing er prøver i rekning og lesing som grunnleggjande ferdigheiter, og oppgåvene er laga på bakgrunn av læreplanane for 10. steget. Det er altså ikkje ei prøve i faga matematikk eller norsk, men i rekning og lesing som ei integrert ferdigheit i alle fag.

Kven får tilgang til resultatata?

Resultata skal først og fremst brukast av lærarane og skolen til å leggje til rette undervisninga for elevar som treng ekstra oppfølging. Skolen skal gi eleven tilbakemelding på prøveresultatet. Dette kan danne utgangspunkt for ein samtale mellom lærarar og elevar i ein tidleg fase av vidaregåande opplæring.

Meir informasjon

Meir informasjon om kartleggingsprøvene finst på Utdanningsdirektoratets nettside www.udir.no/kartleggingsprøver. Meir om læreplanverket for Kunnskapsløftet finst på www.udir.no/grep

Skolen er ansvarleg for å gi detaljert informasjon om avviklinga av kartleggingsprøva på din skole.

Med vennleg helsing,

Utdanningsdirektoratet